



DEN NORSKE KYRKJA

Leveld, Torpo og Ål sokneråd

Møtebok

Leveld, Torpo og Ål sokneråd
Ål, Møte 20.1.2026

Møtestart: Kl 16.30 Ål kyrkjestugu

Møteslutt: Kl 18.20

Til stade:

Medlemer: Inger Haug (Leveld), Liv A. Solberg (Leveld), Kari Kristine Flatland (Torpo), Anne Kjersti Frøyen (Ål), Audun Vestenfor (Ål), Marianne Bergsjø Gammelsæter (sokneprest).

Varamedlem: Wenche Skår-Ekse (vara Ål).

Andre: Kristoffer Krohn Sævre, sekretær

Forfall: Arild Øystese Hansen (Ål), Ingrid Hajem (Ål), Frøydis Stoveland Dekko (Torpo), Egil Kolsrud (vara Torpo).

Opning v/ Liv A. Solberg

SAKSLISTE:

SR-sak 1/26: Godkjenning av referat frå møtet 02.12.25 og innkalling 20.1.26

SR-sak 2/26: Val av soknerådsleiar og nestleiar 2026

SR-sak 3/26: Årsmøte 2026

SR-sak 4/26: Budsjett 2026 for Leveld sokn, Torpo sokn og Ål sokn

SR-sak 5/26: Kirka Vår – aktivitetsplan 2026

SR-sak 6/26: Offerfordeling 2026 - oppfølging

SR-sak 7/26: Utsmykking kyrkjene – komité

SR-sak 8/26: Orienteringssaker

SR-sak 9/26: Open post frå sokneprest

Frøydis Stoveland Dekko
Leiar

Kristoffer Krohn Sævre
Kyrkjevevje

SR-sak 1/26: GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL FRÅ MØTE 2.12.26 OG MØTEINNKALLING 20.1.26

Saksdokument:

[Møtebok frå møtet 2.12.2025](#)

Saksopplysningar:

Møtebok frå møtet i Leveld, Torpo og Ål sokneråd i møte 2.12.2025 vert lagt fram for eventuelle korrigeringar og til godkjenning.

Møteinnkallinga for møtet 20.1.2026 er lagt fram for godkjenning.

Leveld, Torpo og Ål sokneråd i møte 20.1.2026

VEDTAK:

Leveld, Torpo og Ål sokneråd godkjenner møteboka frå 2.12.2025.

Leveld, Torpo og Ål sokneråd godkjenner innkallinga til møtet 20.1.2026.

SR-sak 2/26: VAL AV SOKNERÅDSLEIAR OG NESTLEIAR 2026

Saksframlegg:

Frøydis Stoveland Dekko har vore leiar i soknerådet i 2025. Anne Kjersti Frøyen har vore lestleiar i soknerådet i 2025. Leiar og nestleiar skal veljast kvart år. «Håndbok for menighetsråd» anbefaler at valet skal vere skriftleg og at vala skjer kvar for seg – først leiar, og så nestleiar.

AU anbefaler gjenval og at valet skjer ved akklamasjon.

Soknerådsrepresentantar har høve til å kome med benkeforslag, og dersom ein eller fleire representantar ynskjer å gjennomføre val skriftleg så vert det slik.

Leveld, Torpo og Ål sokneråd i møte 20.1.2026

VEDTAK:

Soknerådet veljer Frøydis Stoveland Dekko som leiar for Leveld, Torpo og Ål sokneråd for 2026.

Soknerådet veljer Anne Kjersti Frøyen som nestleiar for Leveld, Torpo og Ål sokneråd for 2026.

SR-sak 3/26: ÅRSMØTE 2026

Saksframlegg:

§12 i Kyrkjeordning for Den norske Kyrkja seier at soknerådet kvart år skal gje soknemøtet ei orientering om det kristeleg arbeid i soknet. Eit soknemøte er eit møte der alle medlemene i soknet kan møte. Sokneråda skal der gje ei orientering frå årsmelding og rekneskap. Det er viktig å merke seg at det er soknerådet sjølv som vedtek årsmeldinga og rekneskapen og ikkje soknemøtet, men soknemøtet skal få orientering om innhaldet. I Handbok for sokneråd og kyrkjelege fellesråd står det at det årlege soknemøtet gir grunnlag for debatt om planar og prioriteringar. AU anbefalar å ha årsmøte søndag 19. april 2026 i kyrkjestugu rett etter gudstenesta i Ål kyrkje og med kyrkjekaffe der representantane frå Ål tek ansvar for kyrkjekaffen denne dagen.

Leveld, Torpo og Ål sokneråd i møte 20.1.2026

VEDTAK:

Soknerådet vedtek å invitere til årsmøte i Ål kyrkjestugu søndag 8. mars etter gudstenesta i Ål kyrkje.

SR-sak 4/26: BUDSJETT 2026 FOR LEVELD SOKN, TORPO SOKN OG ÅL SOKN

Saksframlegg:

Soknerådet er takksam til Frøydis for utkastet.

Soknerådsleiar har forberedt utkast til budsjett for 2026 basert på 2025-budsjetta.

Soknerådet støtter utkastet med nokre innspel:

Det er ynskje om eigen post som heiter «Utsmykking»

Det finnest legatar som har midlar til rådighet. Me tenkjer helhetlig om kva vi treng til utsmykking, og så må me vurdere behova opp imot kva me har til disposisjon. Må sjekkast opp mot statuttar til legatane.

Soknerådet ynskjer å jobbe oss gjennom fond og kontoar som står – definere statuttar/kriteriar, eller pengar til disposisjon.

Det kom spørsmål om mogeleg støtte til fagdag for sokneprest – vurder å auke kurspost 8.

Nokre poster står i null og trengs ikkje – soknerådsleiar bes om å sjå gjennom og vurdere saman med Guro.

Leveld, Torpo og Ål sokneråd i møte 20.1.2026

VEDTAK:

Soknerådet vedtek budsjett for 2026 som forelagt for Leveld sokn, Torpo sokn og Ål sokn.

SR-sak 5/26: KIRKA VÅR – AKTIVITETSPLAN 2026

Saksframlegg:

Soknerådet fekk ei kort presentasjon av [Kyrkja vår – samla plan for arbeidet i soknet - framside](#) i soknerådsmøtet.

Kan gjerne definerast ein soknerådsrepresentant som får tilgang på vegne av soknerådet.

Ynskje om at soknerådet definerer ein meir uttalt satsing for 2026-2027. Per no ligg «Barn og unge» samt «Folkemusikk og gudsteneste» som satsingar. I diakonutlysinga skreiv me at me ynskjer at diakonen skal jobbe med blant anna familiar, ungdom og fleirkulturelle. Kva ynskjer me meir av i dei neste to åra?

Kyrkjevevja vil dele visitasdokumentet frå biskopen med soknerådet.

Strategiarbeid; korleis vil soknerådet løyse det, og korleis involvere andre utval, stab og frivillige. Skal me ha eit strategiutval? Godt å satse på noko heller enn å forsøke å fortsette med alt. Bør jobbe med strategiplan over litt tid.

Det er gjort nokre forsøk på strategiarbeid i nyare tid. Var eit strategiutval under førre sokneprest. Kom aldri heilt i gong. La oss begynne med ønsket retning og visjon i tråd med DnK sin vedtatt strategi – og så definere våre satsingar i lys av det. Må definere kva vi legger på lønna arbeid og kva på frivilligheit.

Forslag om å lage ei skisse innan neste soknerådsmøte og at det seiast noko om retning i årsmøtet.

Leveld, Torpo og Ål sokneråd i møte 20.1.2026

VEDTAK:

Soknerådet takkar for orienteringa.

Soknerådet ynskjer å utnemne eit strategiutval i neste møte.

Soknerådsleiar, sokneprest og kyrkjevevja bes om å lage ei open skisse innan møtet.

SR-sak 6/26: OFFERFORDELING 2026 - OPPFØLGING

Saksframlegg:

Soknepresten har forberedt eit revidert utkast til offerfordeling for vårhalvåret 2026 – finn vedlagt.

Innspel: Definer at det er misjonsprosjektet, ikkje Normisjon generelt som er sett opp fleire sundagar.

Leveld, Torpo og Ål sokneråd i møte 20.1.2026

VEDTAK:

Soknerådet vedtek offerfordelinga for våren 2026 som presentert.

SR-sak 7/26: UTSMYKKING KYRKJENE

Saksframlegg:

Soknepresten anbefalar at det utnemnast ein komité for utsmykking av kyrkjene, og at dei lager ei oversikt over kyrkjetekstilar, kyrkjekunst, adventstaker, julekrybbe, utstyr til høgtider m.m. Kva finnest og kva vil me prioritere. Komiteen kan kome med forslag til vedtak i soknerådet. Nokre namneforslag vart nemnt i møtet.

I høve utsmykking: Me mottok tilbod frå bygdekvinnelaget om gåve til utsmykking i Leveld kyrkje. Leveld-representantane har kome med nokre forslag med vesentleg prisforskjell.

Soknerådet likte forslaget. Bør avklarast med bygdekvinnelaget. Forbereder søknad i tråd med retningslinjer for utsmykking av kyrkjerom.

Leveld, Torpo og Ål sokneråd i møte 20.1.2026

VEDTAK:

Soknerådet ber soknepresten fortsette saken og invitere aktuelle namn til å ta del i komité for utsmykking av kyrkjene.

SR-sak 8/26: ORIENTERINGSSAKER

Saksframlegg:

- 1) Årsmelding for 2025 vert utarbeida og presentert i mars-møtet.
- 2) Bispedømmerådet oppfordrer alle sokneråd til å drøfte sammenslåing og felles sokneråd for flere sokn. Ein av modellene anbefalt er å ha felles sokneråd slik me har for Leveld, Torpo og Ål, og som er bekrefta av Kirkerådet. Kyrkjevevja legg dermed ikkje opp til vidare drøfting, anna enn å fortsette organiseringa som me har per 2026.
- 3) Messe for ukrainske flyktningar gjennomført 7. januar. 50 deltakarar frå mottaket. Vellykka innslag av ukrainsk felespelar Elena – det berørte tilhøyrarane.
- 4) Bønneveke for kristen enhet inkl. felles gudstenester 18. og 25. januar
- 5) Oppdatering frå Misjonsrådet 14. januar; oppsummering/slutføring av førre NMS-prosjekt, plan for lansering av nytt Normisjonsprosjekt 8. februar + info i neste kyrkjeblad. Forslag om å sende ut takkebrev til faste gjevarar. Arild takka for prosjektleinga.
- 6) Kyrkjevevja har dialog om ny avtale for oppsett og trykking av Kyrkjebladet. Forslag om å leggje kopiar av bladet på nærbutikkar og Kafe Tid m.m.
- 7) Jubileumsboka: Redaksjonsnemnda er utvida og er no samansett slik: Magny Folkedal, Per Egil Kolsrud, Øystein Lappegard, Vigdis Moen Storhaug, Audun Vestenfor, Steinar Aa. Ole Johs Brye er positiv til å bidra med bilestoff etter kvart.
- 8) Orientering om kapellanrekruttering og søkerliste. Søknadsfristen gjekk ut 18. januar og hadde 2 søkarar, begge kvalifiserte og ordinerte prester. Reknar med tilsetjing innan slutten av februar.
- 9) Kyrkjevevja ynskjer å legge til rette for å tilby skattefrådrag på gåver i Vipps. Dei som gjev ei pengegåve registrerer då skattefrådrag med eit tastetrykk rett i Vipps.
- 10) Kyrkjetenarane anbefalar å skifte ut stolane på galleriet i Torpo kyrkje med stolar som kan stablast. Me har overskot av slike stolar i Ål, slik at det ikkje vil medføre kostnad. Støtte frå soknerådet.

Leveld, Torpo og Ål sokneråd i møte 20.1.2026

VEDTAK:

Soknerådet takkar for orienteringane.

SR-sak 9/26: OPEN POST FRÅ SOKNEPRESTEN

Saksframlegg:

Soknepresten har ein fast open post i soknerådsmøta.

- Oppdatering frå gudstenesteutvalet og frå folkemusikkutvalet. Samtale om kveldsmesser som kan vere litt annleis.
- Plan om suppe og samling 17. februar for gudstenesteteam og dei ulike frivillige rollene.

Leveld, Torpo og Ål sokneråd i møte 20.1.2026

VEDTAK:

Soknerådet takkar for orienteringane.

Neste møte: Innstilling kapellantilsetting 3. februar 2026 kl 16:30 (kun ein sak)

Neste ordinære møte: 3. mars 2026